



Den nyaste parkeringsplassen er svært innbydande. (Foto: Ola Matti Mathisen)

### **No har grunn- og elveeigarlaget fått opparbeidd enda ein ny og fin parkeringsplass for fiskarane**

Det er Haugland Maskin som har gjort jobben og plassen ligg ved Øvre Feet – på eigedommen til Kåre Myklebust. Det som spesielt vekker spesiell merksemd er den fine innramminga av plassen, med store steinar.

Frå før er det skilte parkeringsplassar ved Nedre Feet (Djupehølen), ved brua ovanfor idrettsplassen på Heio og ved brua over til Hauglandsheio.

Oppsynsmann Arne Terje Haugland meiner det er grunn til å berømma grunneigarane sterkt for velvilje i samband med tilretteleggjinga og då også for den særprega skiltinga. Det vil snart koma opp skilt også ved den nyaste plassen.

Haugland meiner at det no tar til å bli god dekning med parkeringsplassar, men det kan vera aktuelt å skilte plassen der Tverrelva kjem ut og/eller plassen ved Vonheim. Det er gode fiskeplassar i nærleiken av begge.

Av Ola Matti Mathisen